

Kom og høyr Mari Bjelland i Strandstovo i kveld kl. 19.

20.08.2019



Mari Bjelland ( 16 år ) frå Sunde vann Lambasleppet i år. Ho syng og spelar gitar.

**Friluftskonserten, som til vanleg er på Stemneplassen, er grunna veret flytta til Strandstovo i Båthamna. Der sit alle under tak. Dagens gjest, Mari Bjelland frå Sunde, har bestefar, Årstein Eik, frå Kjærland i Uskedalen. Mari er 16 år og vann Festidalen sitt Lambasleppet i år. Mari var oså med på årets UKM. Ho syng og spelar gitar og er for tida elev på musikklinja ved Stord Vidaregåande skule.**

Uskedal Musikklag er lette og bed. Dei sviktar ikkje gode tiltak i bygda. Rustne Menn står for allsongen og vokalinnslag. Audun Eik og Bjørgulv Eik er klar for leikar og aktivitetar for born og vaksne, og det med premiar.

Det årlege åresalet er med og legg grunnlaget for drift av Friluftsplassen, anten det gjeld scene- og møterommet eller område rundt. Friluftslaget har motteke fine gevinstar frå einskildpersonar og frå næringslivet i Uskedalen og frå bygdene rundt.

Gratis kaffi og kaker til alle. Ver velkomne.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Grenda